



## **DEN NORSKE KYRKJA**

### **Ullensvang kyrkjelege fellestråd**

#### **PROTOKOLL**

#### **KONSTITUERING AV ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESTRÅD 2020 – 2023**

**Til stades:** Airin Nesse, Torhild A. Kristensen, Steinar Tokheim, Lars O. Seim, Torbjørn Dagestad, Kari B. Eitrheim, Torbjørn Bjtovteit, Tørres Mæland, Margrethe Ølberg Rød.

Avtroppande leiar i kyrkjeleg fellesnemnd May Søfteland.

Kyrkjeverje Liv Eirill Evensen.

Assisterande kyrkjeverje Gerd R. Bu (frå 09:45).

**Tid: Fredag 29. november kl. 09:00 – 11:00**

**Stad: Odda soknehus, storsal.**

#### **Saker:**

- |       |                                                  |
|-------|--------------------------------------------------|
| 01/19 | Konstituering av styret, signering               |
| 02/19 | Val av leiar og nestleiar                        |
| 03/19 | Konstituering av administrasjonsutvalet          |
| 04/19 | Val av representantar til arbeidsutvalet         |
| 05/19 | Møteplan 2020, fellesråd og administrasjonsutval |

+ Eventuelt.

**Saksbakgrunn:**

Dei 8 sokna som utgjer det nye fellesrådsområdet har alle valt medlem og varamedlem til nytt fellesråd. Ved fem eller fleire sokneråd seier Kyrkjelova at det skal vera ein representant frå kvart av sokneråda.

Biskopen har oppnemnt ein geistleg representant med vara. Kommunen har varsla at det vert val av medlem til fellesrådet fyrst i januar.

Styreoversikta skal signerast av dei faste medlemmane i møtet.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd 2020 – 2023 er sett saman av desse valde og utpeikte representantane (*ei e-postadresse er retta etter møtet 29.11.19*):

<b>Tysedal</b>	Airin Nesse	924 83 405	airin.nesse@ullensvang.kommune.no
Vara:	Monica S. Knudsen	971 74 561	monica.s.knudsen@ullensvang.kommune.no
<b>Odda</b>	Torhild A. Kristensen	970 91 461	torhimaa@online.no
Vara:	Alf Jørgen Severinsen	918 72 563	alfissev@gmail.com
<b>Skare</b>	Steinar Tokheim	958 71 277	stokheim@online.no
Vara:	Kjetil Borge	901 56 671	kje.bor@online.no
<b>Røldal</b>	Lars O. Seim	909 62 584	larsoseim57@gmail.com
Vara:	.....		
<b>Ullensvang</b>	Torbjørn Dagestad	975 02 147	patdage@online.no
Vara:	Roy Steinsland	474 15 293	roy.steinsland@lofthus.no
<b>Utne</b>	Kari B. Eitrheim	415 71 323	karietrheim@gmail.com
Vara:	David Kristoffer Strand	902 41 499	solnuten@gmail.com
<b>Kinsarvik</b>	Torbjørn Bjotveit	472 59 006	t.bjotveit@gmail.com
Vara:	Svanhild B Opheim	415 23 573	svaboph@gmail.com

**Jondal**                    Tørres Mæland                    900 69 719                    meland1970@gmail.com  
Vara:    Cecilie Styrmo Stærnes                    948 32 442                    Cecilie.s.staernes@gmail.com

**Kommunal repr.** (kjem i januar)

Vara:                    .....

**Geistleg repr.**

                  Margrethe Ølberg Røed                    951 12 927                    margrethe.olberg.roed@ullensvang.kyrkjer.no  
Vara:    Arild Hellesøy                    906 99 533                    ah539@kyrkja.no

**Forslag til vedtak:**

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd 2020 – 2023 er med dette konstituert og trer i funksjon 01.12. 2019.
2. Kyrkjeverja oppdaterer Brønnøysundregisteret med endringa i styresamansetjing.

**Handsaming:**

Medlemene av Ullensvang kyrkjelege fellesråd signerte på eige dokument med styresamansetjinga.

**Vedtak:**

Samrøystes.

**Saksbakgrunn:**

I «Regler om formene for menighetsrådets og kirkelige fellesråds virksomhet» heiter det:

*Fastsatt av Kirkemøtet 15. november 1996 med hjemmel i kirkeloven § 8 tredje ledd og § 13 tredje ledd (Med endringer fastsatt av Kirkemøtet 20. november 2010 som gjøres gjeldende ved tiltredelsen av nye menighetsråd og kirkelige fellesråd i 2011).*

**§ 1 Konstituering**

1. Menighetsrådet trer i funksjon 1. november i valgåret. Valgperioden strekker seg til og med 31. oktober i valgperiodens siste år. Kirkelig fellesråd trer i funksjon 1. desember i valgåret. Valgperioden strekker seg til og med 30. november i valgperiodens siste år.

Menighetsråd med fellesrådsfunksjoner trer i funksjon som menighetsråd 1. november i valgåret, og i fellesrådsfunksjonene 1. desember i valgåret.

2. Konstituerende møte i det nyvalgte menighetsrådet avholdes innen utgangen av oktober i valgåret. **Konstituerende møte i det nyvalgte kirkelig fellesråd avholdes innen utgangen av november i valgåret. Møtet kalles sammen av lederen av det fratredende rådet med minst 14 dagers varsel.** Det er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er til stede.

3. Menighetsrådet/kirkelig fellesråd velger i det konstituerende møtet og senere hvert år blant sine medlemmer, leder og nestleder. Den som ett år har vært leder, kan unnslå seg valg for det følgende år.

«Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd» slår fast at valet skal vere skriftleg.

Det er naturleg å velje dei to kvar for seg, fyrst leiar og så nestleiar.

**Forslag til vedtak:**

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd vel ..... til leiar.
2. Ullensvang kyrkjelege fellesråd vel ..... til nestleiar.

**Handsaming:**

Vala var skriftlege og separate, leiar vart vald fyrst, deretter nestleiar.

Val av leiar. To kandidatar vart føreslegne og sa seg båe viljuge til å vera leiar:

\* Lars O. Seim (forslagsstillar: Kari B. Eitrheim).

\* Tørres Mæland (forslagsstillar: Lars O. Seim).

**Lars O. Seim fekk flest stemmer og vart vald til leiar.**

Val av nestleiar. To kandidatar sa seg b e viljuge til   vera nestleiar:

\* T rres M eland.

\* Steinar Tokheim.

Andre kandidatar fekk ogs  stemmer.

**T rres M eland fekk flest stemmer og vart vald til nestleiar.**

Lars O. Seim tok sete som leiar.

**Vedtak:**

1. Ullensvang kyrkjelege fellesr d vel Lars O. Seim til leiar.
2. Ullensvang kyrkjelege fellesr d vel T rres M eland til nestleiar.

**Vedlegg:** Reglement for administrasjonsutvalet

### Saksbakgrunn:

Reglement for administrasjonsutvalet § 1 seier mellom anna:

***Administrasjonsutvalet består av fellesrådet og 3 medlemar peika ut av og blant arbeidstakarane. (...) Det blir valt/peika ut personlege varamedlemar for arbeidstakarrepresentantane. (...) Leiar og nestleiar for kyrkjeleg administrasjonsutval er dei same som leiar og nestleiar i kyrkjeleg fellesråd.***

Arbeidsgjevarsida i administrasjonsutvalet, med leiar og nestleiar, seier difor seg sjølv.

Administrasjonsutvalet er fellesrådet sitt partsamansette utval etter Kyrkjelova § 35. Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal behandle saker som gjeld tilhøvet mellom fellesrådet som arbeidsgjevar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovudavtalen § 10-1, «Administrasjonsutval /partsamansett utval».

Administrasjonsutvalet skal ikkje handsame personalsaker, og ikkje erstatte administrasjonen si rolle i personalforvaltinga.

Administrasjonsutvalet vil ha den same funksjonen i fellesrådet som partsamansett utval hadde i fellesnemnda. Det har vist seg å vere nyttig å samle utvalet i forkant av, og same dagen som, møta i hovudorganet. Det vert foreslått at kyrkjeleg fellesråd tek vidare den praksisen som er innarbeidd her.

### Val av arbeidstakarrepresentantar

Reglement for administrasjonsutvalet § 1 seier:

*Der ein eller fleire arbeidstakarar er medlem i ein arbeidstakarorganisasjon med partsrett, peikar ein ut arbeidstakarrepresentantane etter reglane i Hovudavtalen § 10.*

Hovudavtalen § 10 seier: *Representanten(e) utpekes etter forholdstallsprinsippet. Som delingstall benyttes tallet 1,4 og deretter påfølgende oddetall 3, 5 osv.*

### Forslag til vedtak:

1. Administrasjonsutvalet vert med dette konstituert, i tråd med reglement for administrasjonsutvalet.
2. Dei tre arbeidstakarrepresentantane skal peikast ut av arbeidstakarorganisasjonane etter forholdstallsprinsippet (hovudavtalen § 10). Det skal peikast ut personleg varamedlem for kvar av dei. Kyrkjeverja tek kontakt med organisasjonane som er sterkest representerte for effektivisering av vedtaket.

3. Administrasjonsutvalet skal som hovudregel samlast rett i forkant av møte i fellesrådet, så sant det finst relevante saker som utvalet skal ta stilling til.

**Handsaming:**

Kort orientering om korleis tilsvarende ordning har fungert under kyrkjeleg fellesnemnd.

**Vedtak:**

Samrøystes.

**Saksbakgrunn:**

Kyrkjelova § 13 gjev kyrkjeleg fellesråd moglegheit til å opprette eit arbeidsutval.

Henta frå § 13, «Formene for kirkelig fellesråds virksomhet»:

*Kirkelig fellesråd kan gi lederen eller denne og minst to av rådets medlemmer (arbeidsutvalg) fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.*

I ein kompleks organisasjon som eit kyrkjeleg fellesråd er det nyttig med ei mindre gruppe som kan ta rolla som arbeidsutval.

Arbeidsutvalet treng vedtaksmynde i saker som ikkje krev ekstra møte i kyrkjeleg fellesråd og i saker som fellesrådet delegerer til dei.

Arbeidsutvalet i kyrkjeleg fellesnemnd har bestått av tre representantar.

**Forslag til vedtak:**

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd opprettar eit arbeidsutval for effektiv oppfølging av arbeid mellom møta i fellesrådet.
2. Arbeidsutvalet skal bestå av leiaren av fellesrådet og to av fellesrådet sine faste medlemar.

Dei to medlemane vert valde slik:

..... og .....

3. Kyrkjeverja er sekretær for arbeidsutvalet. Kyrkjeverja har forslags- og uttalerett, men ikkje stemmerett.
4. Arbeidsutvalet sitt mandat er: *Vedtaksmynde i saker som ikkje krev ekstra møte i kyrkjeleg fellesråd og i saker som fellesrådet delegerer til dei.*

**Handsaming:**

Kort orientering om korleis ordninga har fungert under kyrkjeleg fellesnemnd.

Val av medlemmar til arbeidsutvalet.

**Vedtak:**

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd opprettar eit arbeidsutval for effektiv oppfølging av arbeid mellom møta i fellesrådet.

2. Arbeidsutvalet skal bestå av **leiaren av fellesrådet** og to av fellesrådet sine faste medlemar.

Dei to medlemmane vart valde slik:

**Tørres Mæland og Kari B. Eitrheim.**

3. Kyrkjeverja er sekretær for arbeidsutvalet. Kyrkjeverja har forslags- og uttalerett, men ikkje stemmerett.

4. Arbeidsutvalet sitt mandat er: *Vedtaksmynde i saker som ikkje krev ekstra møte i kyrkjeleg fellesråd og i saker som fellesrådet delegerer til dei.*

Samrøystes.

**Saksbakgrunn:**

Framlagt forslag til møteplan for fellesrådet.

**Forslag til vedtak:**

Ullensvang kyrkjelege fellesråd vedtek møteplan for fellesrådet og administrasjonsutvalet.

**Handsaming:**

Drøfting av tidspunkt dagtid/ettermiddag. Fellesrådet vart einig om endringar av klokkeslett på tysdagar, og ein dato i september.

**Møteplan 2020. Vedtaket er:**

Ukedag	Dato	Klokkeslett	Hovudsaker
Fredag	17. januar	10:30 – 12:00	Endeleg årsbudsjet 2020 etter budsjetthandsaming i kommunen. Fellesrådsopplæring.
Fredag	28. februar	10:30 – 12:00	Godkjenning av årsrekneskap 2019 og årsrapportar frå dei gamle fellesråda. Oversending til revisor.
Tysdag	21. april	14:30 – 16:00	Ord. saker. Meldingar frå revisor.
Tysdag	9. juni	14.30 – 16:00	Ord. saker. Budsjettarbeid 2021.
Tysdag	1. september	14.30 – 16:00	Budsjettframlegg 2021. Budsjettendringar 2020.
Tysdag	10. november	14.30 – 16:00	Val av leiar og nestleiar. Møteplan 2021.

**Møteplan for administrasjonsutvalet:**

Dei same dagane om ikkje anna melding vert gitt,

**Fredagane:** kl. 09:00 – 10:30 (rett i forkant av fellesrådet).

**Tysdagane** kl. 13:00 – 14:30 (rett i forkant av fellesrådet).

**Eventuelt:**

- \* Ynske om felles synfaring på kyrkjer og anlegg på vårparten.
- \* Ynske om å få tilsendt vedteke organisasjonskart.
- \* Ynske om ei orientering om tilsette og arbeidsoppgåver.
- \* Kort orientering om status, rådmannen sitt budsjettforslag.
- \* Det vert opplæring av fellesråd i regi av Bjørgvin bispedøme i Norheimsund 23/1 kl. 18:00 (Thon Hotel Sandven).